



Medlemne i samarbeidsutvalet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3165 - 14/8700

Saksbehandlar:

Olaf Michal Hella

Olaf.Hella@lindas.kommune.no

Dato:

09.04.2014

Referat frå samarbeidsutvalet 8.april 2014.

Tid: Tysdag 8. april 2014 – kl. 18.00

Stad: Personalrommet Knarvik ungdomsskule

Til stades: Leif Sleire
Katrine Tvedt
Mette Bøe
Ingeborg Witsø
Elisabeth Valle
Olaf Hella

Fråverande: Hans Giil
Adrian Sellevoll
Jorunn Blindheim

Sak 04/2013-14 Elevundersøkinga haust 2013

Skulen arbeider vidare med å sjå på klassenivå og setje tiltak på klassenivå. Kvar klasse set opp prioriterte tiltak som skal arbeidast vidare med. Leiinga føl opp tiltaka.

Sak 05/2013-14 Orientering om omorganiseringsprosessen i kommunen

Rektor og Leif Sleire orienterte om prosessen som pågår. No er ein inne i ein analyseprosess for å finna rom for å spare pengar. Det vert ein prosess fram mot budsjettmøte i haust. Seinare skal ein ha fokus på effektiv drift.

Sak 06/2013-14 Tildeling av rammer neste skuleår

Drifta vil ligge på same nivå neste skuleår.

Sak 07/2013-14 Elevtalsutvikling

Rektor orienterte om elevtalsutviklinga. Elevtalet vert dei neste åra opp mot kapasiteten til skulen. Rektor lagar oppdatert prognose som går fram til 2025 til neste møte.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 08/2013-14 Ymse

Trafikk: Situasjonen er betre. Elevane må snakkast med om å bruke fortau og overgangar. Det er færre bilar som stoppar langs med skulen. Politiet patruljerer.

Endra timeplan neste skuleår: Neste skuleår vert det lagt opp til 60 minutts timar. Sluttid vert kl 11.35 måndag og 14.30 dei andre dagane. Desse sluttidene korresponderer med bussane.

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet etter SU – møte

Sak 04/2013-14 Elevmiljøet

Elevane må vera ute i friminutta. Det er god stemning i elevgruppa. Elevane er aktive i friminutta og lærarane opplever god stemning. Dette intrykket har alle som er representantar i skulemiljøutvalet.

Der skulen vert kjend med ting av psykososial art, føl rektor opp med enkeltvedtak etter tiltaksplanen.

Sak 05/2013-14 Ymse

Ingen saker

referent

Olaf Michal Hella

rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemene i samarbeidsutvalet